

Rustesting og politihundar må tilbake i skulen

Ulovleg rusbruk og kjøp og sal av narkotika blant elevar er eit aukande problem på dei vidaregåande skulane i fylket. Media har ved fleire høve løfta utfordringar ved ulike skular, der nokon har sett seg nøydde til å leige inn vektarar og å jamleg utvise elevar. I vår fortalde politiet i Møre og Romsdal om «Operasjon Smørøye», som førte til 25 straffesaker, der unge folk er politimeldt for bruk, oppbevaring og sal av narkotika. UngData-undersøkinga stadfestar også ei auke i barn og unge som nyttar narkotika i fylket.

I Møre og Romsdal søker kring 2/3 av elevane seg til yrkesfaglege linjer. I motsetnad til på studiespesialiserande linjer, vil yrkesfagelevar jobbe med store maskiner, bruke farlege verktøy eller vere tett på sårbare menneske. Rusbruk blant elevar kan difor få særleg store konsekvensar på yrkesfaglinjene våre. Det er urimeleg å forvente at lærarar har kompetanse til å vurdere om elevar er rusa, og dermed om dei er skikka til å nytte maskiner og utføre arbeid. I motsetnad til ein framtidig arbeidsgjevar, kan ikkje skulane rusteste elevar.

Narkotika er farleg, og bruk av narkotika kan få store konsekvensar for enkeltindividet og storsamfunnet. Fylkeskommunen har eit ansvar etter opplæringslova å sikre alle elevar ein trygg skulekvardag og eit godt psykososialt miljø. For å følgje opp dette må laget rundt eleven få dei verktøya dei treng til å avdekke og førebyggje narkotikabruk på dei vidaregåande skulane våre. I tillegg må det vere tilstrekkelege ressursar til å gje elevar med rusproblem helsehjelp.

Tidlegare hadde fleire skular praksis for å inngå frivillige ruskontrollavtalar med elevar, der hensikta var å avdekke eller avkrefte rusmiddelbruk. Tilbakemeldingane har vore at frivillige rusmiddelavtalar har verka førebyggjande og at elevar som allereie har eit rusproblem har fått raskare hjelp. I tillegg har det hindra farlege situasjonar, der rusa menneske kunne utsett seg sjølv eller andre for potensielt stor fare. Frå 2020/2021 har likevel ikkje dei vidaregåande skulane lenger hatt løyve til å gjennomføre tiltak som dette.

Spørsmål til Fylkesordføreren:

- Vil Fylkesordføreren ta initiativ til å greie ut heimelsgrunnlaget for frivillige ruskontrollavtalar mellom skule og elev, og moglegheitene for å gjeninnføre dette?
- Kva grep kan fylkeskommunen ta for å sikre at elevar med rusutfordringar får god helsefagleg oppfølging, og er det tilstrekkelege ressursar tilgjengeleg til dette i dag?

Framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget meiner at vidaregåande skular som ynskjer det kan inngå avtalar om frivillig ruskontroll med elevar.
2. Fylkestinget ber Politiet gjennomføre ransakingar med politihundar på dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal ved behov.